

## «SENJAMÅLAKADEMIET»


Tiltaket med det fine namnet er eit 2-årig prosjekt og skal som resultat gje oss tilbod om ein sams skrivemåte for Senjamålet, ein dialekt som daglig blir brukt av 50 000 menneske «mellan Malangen og Ballangen». Høver for alle språkinteresserte, i og utanfor SM-geografien.

## Gangen i det heile:

- 1. steget er SENJASEM 2016 i Mefjordvær,  
**9. og 10. sep 2016**
- 2. steget føregår på Senjamållaget si heimesida gjennom haust-vinter-vår 2016-2017 med ei fysisk samling på Finnsnes ein laurdag vinteren 2017.
- 3. og siste steget er ei ny helgesamling SENJASEM 2017 ein stad i Senjamålgeografien, på hausten 2017 ein gong. Då tek vi for oss dei siste detaljane om skrivemåten og om dei høyløgske orda og formene som vi skal ha plass til innanfor Det nynorske riksmålet. Din heimemålskompetanse er viktig i heile prosessen. Vi treng folk frå «kvar fjerding» i det vide dialektområdet.



**SENJAMÅLHELG PÅ  
MEFJORD BRYGGE  
09.–10. september 2016**



## PÅMELDINGSALTERNATIV:

- A. **Full pakke;** Seminar og konsert (200 kroner)
- B. **Halv pakke 1;** Berre seminaret (100 kroner)
- C. **Halv pakke 2;** Berre visekveld (200 kroner)
- D. **Startpakke;** Full pakke + 1. årskontingent i SML (300 kroner)

Du melder deg på med å sende prisen på pakken du vil ha til bankkonto 4776.18.95865. På tekstplassen på giroen skriv du:

- Namnet ditt, e-postadressa, telefonnummer og postadressa
- Kva pakke du ønsker (A–D)

## KORFOR?

Vil du «skjerpe» senjamålet ditt, friske det opp eller berre bli kjent med dialekten? Blant norske dialektar har *senjamålet* ei sentral stilling, både i lydverk og ordformer. Det blir stadig viktigare for alle brukarar å kunne stø seg til ein standard skrivemåte, også for dialekten.

Er du barnefødd i Ytre Midt-Troms eller i Sør-Troms, så er du ganske sikkert senjamåltalande. Har du då heimemålet kjært, så bli med og stå fram for det som er det viktigaste identitetsmerket vårt! Lær å bruke det på nye arenaer som i avisinnlegg, sosiale media og til praktisk bruk elles, overalt der eit landsgyldig språk ikkje trengst. BRUK DITT EIGE SPRÅK!

Eit viktig føremål ved seminaret er å gå opp grensene til Nynorsk og Bokmål. I den forbindelse skal vi i grove trekk lage eit teoretisk «rammeverk» for senjamålet. Digitalt materiell blir sendt til alle som har teikna seg innanfor tidsfristen (30. august).

Det kulturelle høgdepunktet på Senjamålhelga er konserten/visekvelden på restauranten til Mefjord Brygge. Men det sosiale skal heller ikkje bli skadelidande. Restauranten og husa på Mefjord Brygge byr på sosiale arenaer for alle.

Overnatting kan tingast hos Tommy Schanke Hansen på telefon 951 89 099. Orientering og praktiske opplysningar om staden, omland, opplegg og anlegg finn du ved å google Mefjord Brygge.

**Viss konserten blir fullteikna, har seminardeltakarar forrang i den rekkefølgje dei har meldt seg på.**

- **Fredag 9. kl 1800-2000: Seminar Del 1**

Grensegang Senjamål-Nynorsk (Alle oppgitte tider er maksimumtider)

- **Laurdag 10. kl 1000-1300: Seminar Del 2**

Grammatikk for Senjamålet. Grensa mot Bokmål.

- **Laurdag 10. kl 1500-1800: Seminar Del 3**

Diskusjonsstoff: Vegen vidare

- **Laurdag 10. kl 1900-2000 i restauranten på Mefjord Brygge**

- Senja Handbryggeri stiller med smaksprøver og eit nytt brygg spesielt for Senjamållaget sitt 1-årsjubileum.
- Sal av eventuelle restbillettar til konserten/visekvelden.
- Boksal og –signering ved Helge Stangnes og andre senjamålforfattarar

- **Laurdag 10. kl 2000-2200 i restauranten på Mefjord Brygge**

- Konsert og –visekveld med lokale artistar, melodiar og tekstar.
- Artistar: Tove Karoline Knutsen, Ragnar Olsen, Erling Stangnes m.fl. Tekstar av Arvid Hanssen, Helge Stangnes, Ragnar Olsen m.fl.

## PROGRAM: